

# **Forskrift XX.XX.2021 om godtgjersle til folkevalde, Sveio kommune, Vestland**

*Fastsett av Sveio kommunestyret XX.XX.2021 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar §§ 8-3 til 8-10.*

## **§ 1 Formål**

Forskrifta ska legge til rette for rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

## **§ 2 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap**

Den som har eit tillitsverv i Sveio kommune har krav på:

- a) skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering for reiser i samband med vervet,
- b) dekning av utgifter som følge av vervet, òg utgifter til andre for å utføra nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass (t.o.m. barnet fyller tolv år) og andre omsorgsoppgåver ein i samband med utføringa av vervet ikkje sjølv kan utføra,
- c) erstatning for tapt inntekt som følge av vervet.

Krav etter første avsnitt skal settast fram for administrasjonen så snart som mogleg og seinast éin – 1 – månad etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første avsnitt, bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, blir likevel dekkad dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte. Slike krav blir omtalt som «ikkje-dokumenterte» i § 3.

I tvilstilfelle har ordførar mynde til å avgjera om det skal bli gitt godtgjersle.

## **§ 3 Utmåling av utgifter og økonomisk tap**

Godtgjersle for skyss, kost og overnatting etter § 2, første avsnitt, bokstav a blir gitt etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar i kommunen sitt reiseregulativ.

Utgifter etter § 2, første avsnitt, bokstav b blir dekkad med maksimalt kr 150,- pr. time eller maksimalt kr 1050,- pr. møte eller pr. dag for dokumenterte tap og med maksimalt kr 75,- pr. time eller maksimalt kr 375,- pr. møte eller pr. dag for ikkje-dokumenterte tap.

Utgifter etter § 2, første avsnitt, bokstav c for lønnsinntakarar dekkad fullt ut etter stadfesting frå arbeidsgivar.

Utgifter etter § 2, første avsnitt, bokstav c for sjølvstendig næringsdrivande blir dekkad med maksimalt kr 350,- pr. time eller maksimalt kr 2800,- pr. møte eller pr. dag for dokumenterte tap og med maksimalt kr 150,- pr. time eller maksimalt kr 750,- pr. møte eller pr. dag for ikkje-dokumenterte tap.

## **§ 4 Arbeidsgodtgjersle**

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for sitt arbeid etter følgande satsane i andre avsnitt. Procentsatsen viser til prosent av ordførar si godtgjersle, jf. § 5.

- a) Medlemmer i kommunestyret: 0,6 % pr. år.
- b) Medlemmer i formannskapet: 4 % pr. år.

- c) Medlemmer i hovudutval for helse og omsorg, hovudutval for oppvekst og kultur: 0,7 % pr. år.
- d) Medlemmer i hovudutval for teknisk og næring: 0,8 % pr. år.
- e) Varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala: 0,1 % pr. møte.
- f) Leiar i hovudutval: 6 % pr. år.
- g) Medlemmer og varamedlemmer i valstyret, valutvalet, sakkunnig takstnemnd, sakkunnig ankenemnd og ad hoc-utval: 0,1 % pr. møte.
- h) Medlemmer i kommunestyret som møter i ungdomsrådet: 0,1 % pr. møte.
- i) Leiar av og medlemmer og varamedlemmer i eldrerådet og råd for personar med nedsett funksjonsevne: 0,075 % pr. møte.
- j) Leiar av eller varamedlem for leiar av eldrerådet og råd for personar med nedsett funksjonsevne som møter i kommunestyret: 0,1 % pr. møte.
- k) Leiar og nestleiar av, samt medlemmer og varamedlemmer i røystestyra: 0,2 % pr. møte.
- l) Leiar og nestleiar av røystestyra: 0,4 % på valdagen.
- m) Leiar av kontroll- og kvalitetsutvalet: 3 % pr. år.
- n) Medlemmer og varamedlemmer i kontroll- og kvalitetsutvalet: 0,1 % pr. år.
- o) Medlemmer i ungdomsrådet, for møter i ungdomsrådet og når dei møter som representant eller vararepresentant i politiske utval: 0,035 % pr. møte.
- p) Medlemmer i ungdomsrådet som møter som representant eller vararepresentant i kommunestyret: 0,1 % pr. møte.
- q) Folkevalde som møter i eksterne styre, utan anna godtgjersle: 0,1 % pr. møte.

Dersom ein har rett på godtgjersle pr. møte i to eller fleire utval som held møte like etter kvarandre, blir det berre utbetalt godtgjersle for eitt av møta. Er det ulike satsar for utvala, er det den høgaste satsen som blir utbetalt.

## **§ 5 Frikjøp av og godtgjersle til ordførar og varaordførar**

Ordførar er frikjøpt i 100 % stilling. Ordførar si godtgjersle utgjer 90 % av den godtgjersle for stortingsrepresentantar som var gjeldande 31. desember føregåande år. Denne faste godtgjersla blir gitt i staden for tapt inntekt etter § 3 og arbeidsgodtgjersle etter § 4.

Varaordførar er frikjøpt i 30 % stilling. Varaordførar si godtgjersle utgjer 30 % av ordførar si godtgjersle. Denne faste godtgjersla blir gitt i staden for tapt inntekt etter § 3 og arbeidsgodtgjersle for møte i kommunestyret og formannskapet etter § 4.

## **§ 6 Ettergodtgjersle**

Avtroppande ordførar som går direkte over til fast arbeid får ettergodtgjersle t.o.m. 30. november det året ordførar går av. Avtroppande ordførar som ikkje går direkte over til fast arbeid får ettergodtgjersle t.o.m. 31. desember det året ordførar går av.

Avtroppande varaordførar får ettergodtgjersle t.o.m. 31. oktober det året varaordførar går av.

Første og andre avsnitt gjeld berre ved ordførar og varaordførar sin eventuelle avgang etter eit kommunestyreval.

## **§ 7 Pensjonsordning**

Ordførar har rett til pensjon i tråd med kommunen si pensjonsordning.

## **§ 8 Rett til sjukepengar**

Ordfører har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen.

Kommunen skal betala sjukepengar tilsvarande full godtgjersle i arbeidsgivarperioden frå den første til den sekstande sjukedagen, jf. folketrygdloven § 8-19.

Ordfører si godtgjersle er over seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdloven § 8-10, andre avsnitt, og kommunen skal derfor betala forskjellen mellom det ordfører har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og de ordfører ville fått i godtgjersle i den same perioden.

## **§ 9 Rettar ved yrkesskade**

Ordfører skal meldast inn i kommunen si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggsforsikringar som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.

## **§ 10 Permisjonar**

Ordfører har etter søknad rett til permisjon i samsvar med reglane i arbeidsmiljøloven §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Søknad om permisjon blir avgjort av kommunestyret eller det organ som kommunestyret delegerer denne mynda til.

Under permisjonen beheld ordfører godtgjersla i inntil to veker, med mindre ordfører gir avkall på denne. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved sjukdom hos barn og barnepassar har ordfører rett til å behalda godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

## **§ 11 Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2022.